| | |
|---|---|
| Sak | **Leiing og fagleg organisering (16/05229) – delprosjekt i hovudprosjekt 2 Fagleg og administrativ organisering** |
| Høyrings-instans (svarar) | Kontor for etter-, videreutdanning og oppdragsvirksomhet (EVO) ved Høgskolen i Bergen. |
| Ev. prosess bak høyrings-innspelet | |
| **Innspel**<br>Bruk fleire sider om det trengs | |
| **Kap 2** | Bruk spørsmål framfor, eller kommenter ut frå eigne behov |
| | |
| **Kap 3** | EVO foreslår modellen med kunnskapsområde, alternativ A, med fakultet med namn eksempelvis som:<br>• Teknologi, leiing og innovasjon<br>• Helse, velferd og omsorg<br>• Barn og unges læring og utvikling<br><br>Er forslaga til namn på fakulteta dekkjande, har de alternative namn?<br>Namn som «Livslang læring» vert misvisande som fakultetsnamn. Alle fakulteta skal ha eit perspektiv som tek høgd for livslang læring, ikkje berre fakultetet som driv læratutdanning. |
| **Kap 4** | Er prinsippa for nivå 3 dekkjande for å realisere fusjonsambisjonen?<br>Er prinsippa for smale eller for vide? |
| **Kap 5** | Skal ein ha reint rektorat eller skal toppleiinga og ha leiarar med særleg administrativ kompetanse og ansvar?<br>Det er ikkje behov for å seie noko om administrative leiarar i denne omgang, og gruppa går ut over sitt mandat. Gruppa går og utover mandatet sitt når den foreslår «solide fakultetsadministrasjonar og ein fellesadministrasjon med systemeigarroller».<br><br>I høringsutkastet er det foreslått funksjonsansvar til leiarane på nivå 1 – er desse område gode, har de andre forslag?<br>Høyringsutkastet foreslår at det skal vere prodekanar – og skisserer ulikt ansvarsområde for desse (speile prorektor, geografisk/nærregion, støtte for dekan, etter dekanens behov) – kva er mest tenleg?<br>Prorektorrolla med ansvar for regionen blir ei særs omfattande og uklar rolle. Både prorektorane og prodekanane vert nemnde som kontaktpunkt med |

| | |
|---|---|
| | næringsliv i nærregionen. «Leiarar i nærregionen» er og nemnd som rollar utan at prosjektgruppa har gått nærare inn på kven desse leiarane er.<br><br>Prosjektgruppen meiner at det er behov for å dele HVL inn i geografiske regioner, som i stor grad fell saman med dit tradisjonelle nedslagsfelta til dei gamle institusjonane. Behovet for denne inndelinga er ikkje tilstrekkelig drøfta.<br><br>Er dei råd og utval som er omtale i høyringsutkastet tenlege?<br>Behovet for fakultetsstyrer er ikkje tilstrekkelig drøfta. |
| | |
| Andre merknader | |

## HØYRINGSINNSPEL